

Referat frå møte i Grendautvalget med representantar frå kommunen 26.04.17

Frå styret: Solveig Hortman, Elisabeth Winterhus Julsrud, Stein Andor Sundve, Kjetil Andre Skartland, Frode Tindeland og Inger Mathilde Sørvåg.

Frå kommunen: Samfunnsutvikler Erik Baust og Linda Nordtveit frå Avd. kommunaltekniske tenester.

Møteleder: Solveig Hortman

Referent : Frode Tindeland

Saksliste:

1.Vossaplassen

- a. Vaf – pengene
- b. Trafikksikringskommunalepenger
- c. Framdrift

2. Mail ang. Revy

3. Mail ang Dommersnes, tomter m.m.

4. Vikebygd.no

5.Skjeljavika – reguleringsplan på høyring.

6. Blomster til bygdene – ujamn fordeling.

7. Kommunen ved Baust

8. Ymse

1. Vossaplassen

a) Vaf-pengene

Grendautvalget har gjennom Vindafjord Arbeidsgiverforum hatt 500.000 øremerket til Vossaplass svingen. Disse har ein hatt i fleire år, og det har blitt søkt om utsettelse for desse kvart år. I år fikk ein då avslag på søknaden om vidare utsettelse av denne støtta.

b) Kommunen har i Vikebygd desse tiltaka til vurdering: Veglys frå vegen til skulen, Veglys langs vegen ved Plasset, Fortau og veglys langs bivegen/Naustvikvegen, Veglys langs Alnavegen.

c) Er i handlingsplanen og kommunen skal ha møte med Statens Vegvesen den 10. Mai angående bla. denne saken.

2. Mail ang. Revy.

Me har mottatt mail ang.pengestøtte til den nystarta revygruppa, pr. i dag har ikkje Grendautvalet nok midler til å kunne gi noko støtte til Revygruppa.

3. Mail ang. Dommersnes industriområde, tomter m.m.

Me har fått mail som omhandlar Dommersnes industriområde, reklamering for tomtene i bygda m.m.

Kommunen leigar i dag ut kaiplass til AKOFS Offshore, og på land står det ein del av ein rigg som det også får leigeinntekter frå. Kommunen har fått spm om muligheter for oppdrettsanlegg på Dommersnes, mulighet for korttidslagring på området og lignande. Nokon av desse krev betydeleg oppgradering av området som nok ikkje forsvarer forventa inntekter. Dei legg også til grunn at inntektene må kunne matche det som dei allerede får inn pr. i dag på leige for kai og rigg, og mulighet for arbeidsplassar vil og kunne være ein avgjerande faktor.

Grendautvalet etterlyste annonser på tomtene som skal ligge ute på kommunen sine nettsider til kommunen sin representant Erik Baust. Han noterte seg at desse ikkje ligg ute på nettsidene og vil ta dette opp med Vindafjord Tomteselskap som administrerer, desse tomtene. Tomtene ligg kun ute på nettsida minbit.no.

Grendautvalget vil prøve å få til ein reportasje om bygda og kva me har å by på.

4. Vikebygd.no

Det er blitt laga logo for heimesida Vikebygd.no, denne vil me laga reklameskilt av. Reklameskilta er foreslått å settes opp på butikken, båthamna og bygdahuset. Ein vil fortsette og jobbe med sida.

5. Skjeljavika – reguleringsplan på høyring.

Har ingen høyringsuttalelse, Grendautvalget er positive til nybygging i bygda.

6. Blomster til bygdene – ujamn fordeling.

Tilskudd til blomster, summen synes å var skeivfordelt, her har kommunen fordelt pengene ut ifra størrelsen på bygdene, kommunesentrum, kommunale bygningar osv.

Grendautvalet foreslo at dei kunne lage ein større sum som kan gå på rundgang slik at ein får litt å sysle med og ikkje kun nok til så vidt å dekke nye blomster til dei plassene som trengs.

7. Kommunen ved Baust

Erik Baust fekk forklart prossene i dei ulike sakene som omhandlar det me jobbar med, og korleis me kan jobbe vidare framover. Han kjem til å bringe vidare dei spørsmåla og oppfordringane Grendautvalget kom med.

8. Ymse

- *Mail ang trafikken gjennom byggefelt.*

Me har fått inn mail angående utfordringer med biltrafikk, gjennomkjøring og høg fart gjennom byggefeltet Lio2.

Vegen mellom den øvre og nedre veggen i Lio2 er meint for syklister og gående. Her manglar synleg merking og stengsle biltrafikk. Dette vart Erik Baust innformert om, og vil ta dette med seg vidare.

- *Leikeplassen i Liofeltet.*

Linda Nordtveit frå avd,kommunal tekniske tenester opplyste om at Kommunen har hatt kontroll av leikeplassane rundt om i kommunen, det er varierende tilstand og fleire er ikkje godkjende.

Leikeplassen i Liofeltet har eit par punkter som trengs noko små forbedringar for å kalles tipp topp.

Grendautvalet fikk dokumenta fra kontrollen, og kjem til å overlevere desse til Liovel-forening som har med leikeplassen.

- *Breibandstilbud i bygda*

Kommunen har høyring om tilskudd til vidare utvikling av breiband i kommunen. Strekinga det vart søkt om Trovåg – Skartland. Me sender inn ein høyringsuttale om at dei også innlemmer Årvik – Tindeland i denne strekinga.

- *Skilting Plassavegen.*

Soneskilta for plassavegen er bestilt og klare, kommunen treng nå kun å få desse monterte.